

Til deg som ønskjer å vite kva som står om deg i IPLOS-registeret

Når du søker om eller tek imot helse- og omsorgstenester frå kommunen, er det viktig at dei som skal gi deg hjelp, veit nok om behova dine. Berre på den måten kan kommunen tilby gode tenester.

Enkelte av opplysningane som kommunen ber deg om, blir registrerte etter ein eigen standard i journalen din og sendt til eit sentralt register, IPLOS-registeret. IPLOS-registeret er eit nasjonalt helseregister som på ein standardisert måte beskriv hjelpebehovet til dei som søker om eller tek imot kommunale helse- og omsorgstenester, og kva for tenester kommunen gir.

Du har rett til å vite at kommunen leverer denne typen informasjon inn til registeret. Du har også rett til å få vite kva som er sendt inn av opplysningar om deg. Dersom opplysningane er feil, har du rett til å endre dei. Du har også rett til å få vite om tryggingstiltaka ved behandlinga av opplysningane i registeret.

Namnet og adressa di finst ikkje i registret. I staden er fødselsnummeret ditt erstatta med eit tilfeldig nummer, slik at andre ikkje skal kunne finne informasjon om deg og identiteten din.

Dersom du ønskjer å vite kva som er registrert om deg, må vi be deg fylle ut informasjonen på baksida.

Sidan registeret ikkje kjenner din identiteten, er det utarbeidd rutinar som sikrar at identiteten din framleis vil vere ukjend i IPLOS-registeret også om du ber om innsyn.

Skjemaet sender du til den som gir deg tenester, eller den som har tildelt deg teneste i din kommune eller bydel.

Foreldre eller verje kan krevje innsyn på vegner av den som ikkje er myndig.

Brosjyren «Informasjon om helse- og omsorgstenester i Kommunalt pasient- og brukarregister Frå IPLOS til KPR» IS-1441 gir deg meir informasjon om IPLOS. Den får du frå kommunen.

Du kan lese meir om retten din til innsyn i IPLOS-forskrifta og helseregisterlova. Desse finn du på www.lovdata.no Har du spørsmål, kan du kontakte Helsedirektoratet, avdeling helseregistre, tlf. 810 20 050 eller iplos@helsedir.no

DETTE SKJEMAET SKAL SENDAST/LEVERAST TIL KOMMUNEN / BYDELEN DIN

*MOTTAKAREN I KOMMUNEN/BYDELEN SKAL VERE DEN SOM HAR TILDELT DEG
TENESTE ELLER SOM YTER TENESTER*

**INNSYN
I
IPLOS-REGISTERET**

Eg ber med dette om innsyn i dei opplysningane som måtte vere registrerte om meg i IPLOS-registeret.

NAMN:

FØDSELSNUMMER:

ADRESSE:

POSTNUMMER:

POSTSTAD:

Stad, dato

Underskrift